

HISTORIKAR
VERK
SEMDA



Kulturminne- og rivedokumentasjon

Schweigårds vei
gnr. 160 / bnr. 398 m.fl. – Bergen kommune

Innhold

Innleiing	3	
Historie	4	
Kulturminner	4	
Kart og bilder av dagens bygningsmiljø	11	
Skildring av dagens bygningsmiljø	17	
Bustadane i planområdet	18	
1. Schweigårds vei 51, (gnr. 160 / bnr. 396)	18	
2. Schweigårds vei 53, (gnr. 160 / bnr. 397)	22	
3. Schweigårds vei 55, (gnr. 160 / bnr. 398)	24	
4. Bendixens vei 22, (gnr. 160 / bnr. 410)	26	
Nybygg – konsekvensar for eksisterande kulturmiljø	28	
Miljø og bærekraft	30	
Litteratur og kjelder	32	

September 2020 / Revidert november 2023

PROSJEKT: Schweigårds vei gnr. 160 / bnr. 398 m.fl.

TILTAKSHAVAR: Husbyggernes innkjøpskontor AS

KONSULENT: Ard arealplan AS og Og Arkitekter

UTARBEIDD AV: Silje Een de Amoriza og Håvard Klyve Parr, Historikarverksemda SA

KONTAKT: silje@historikarverksemda.no | +47 930 92 524

Innleiing

Historikarverksemda SA har utarbeidd føreliggande kulturminnedokumentasjon i samband med detaljregulering for prosjekt i Schweigårds vei gnr. 160 / bnr. 398 m. fl. i Bergen kommune, på oppdrag frå Husbyggenes innkjøpskontor AS.


Planområdet ligg på Minde i Årstad bydel, aust for Wergeland bybanestopp. Det ligg i eit etablert bustadområde med einebustadar, rekkjehus og leilegheitsbygg. Planområdet omfattar i hovudsak eigedommane gnr. 160 / bnr. 396, 397, 398 og 410, kor det i dag ligg eit bu- og servicesenter (eldrebolig), to einebustadar, ein tomannsbustad og garasjar.

Utbygger sin intensjon med planforslaget er å auke utnyttingsgraden, og å legge til rette for nye bustadar i blokkbusetnad. Planområdet ligg innan gangavstand til bybanestopp, og det blir difor vurdert å legge til rette for ei relativ høg utnytting. Ekiste-

rande bygg med garasjar på bnr. 397, 398 og 410 skal rivast. Bu- og servicesenter på bnr. 396 skal stå slik det er.

Når det gjeld eksisterande bygnings- og kulturmiljø ligg planområdet i hensynssone Minde-Nymark, som betyr at det må takast omsyn til eksisterande busetnad, busetnadsstruktur og stadkvalitet.

Denne kulturminne- og rivedokumentasjons-rapporten dokumenterer historie og kulturminner i og i nærleiken av planområdet – gjennom tekst, bilder og kartmateriale. Rapporten er basert på aktuell litteratur og relevante kjelder – mellom anna tinglyst materiale, byggesaker, kart, teikningar, fotografi – i tillegg til observasjonar gjort under synfaring av planområdet. Synfaring av planområdet blei utført av faghistorikar Håvard Klyve Parr frå Historikarverksemda 24. april 2020. Alle foto er tatt av Historikarverksemda under denne synfaringa med mindre anna er oppgitt i bildeteksten.



Historie

Alle bustadane i planområdet ligg på grunn som opphavelig tilhørde utmarka til garden Gimle i gamle Årstad kommune. Gimle blei skilt ut frå Haukeland gard ca. 1850. Dei fleste av gardane i Bergensdalen tilhørte på denne tida det bergenske borgarskapet. Som del av Haukeland gard hadde Gimle vore eigd av Ingeborg Benedicte Krohn i første halvdel av 1800-talet. Krohn var arving av ein enorm eigedom, som også inkluderte Landås gard, og i 1808 hadde ho gifta seg med Edvard Hagerup. Hagerup-paret var besteforeldra til Edvard Grieg. Ingeborg døydde i 1849, og deretter Edvard i 1852. Den store eigedommen blei då fordelt mellom dei åtte barna deira. Det var på dette tidspunktet Gimle blei skilt ut frå Haukeland, og den nye eigaren blei tanta til Edvard Grieg – Edvardine Marie Hagerup Kuhle. Gimle grensa til hovudgarden Haukeland, og til Fridalen og Fageråsen. Hovudparten av eigedommen låg nedst mot Haukeland, med ei lang, tynn stripe langs Fridalen gard og sørover til Fageråsen gard. Hovudhuset på Gimle gard står framleis i dag, ein sveitservilla med adresse Ibsensgate 113a. Gimle blei raskt seld ut av familien Hagerup. Frå slutten av 1800-talet blei her drive handlingsgartneri med både blomar og grønsaker, fram til 1912. Etter den tid blei stadig meir av Gimle utparsellert og seld som tomter til bustadhus.

Årstad blei del av Bergen kommune i 1915. Og frå å vera eit område med gardar og landlege omgjevnadar, endra Årstad i 1920- og 1930-åra stadig meir karakter. Behovet for bustadar var stor på denne tida, og Bergen kommune kjøpte opp store områder med tanke på utbygging. I 1922 kom den såkaltte Årstadplanen – ein reguleringsplan for den midtre delen av Bergensdalen, planlagd og teikna av arkitekt Schumann Olsen. Planområdet for denne rapporten var


inkludert i Årstadplanen, som omfatta området mellom Bjørnsonsgate og Ibsensgate i nord, Inndalsvegen i vest, Natlandsvegen i aust og Fageråsvegen i sør. Årstadplanen må reknast som eit pionerprosjekt, då det var det første store utbyggingsområdet som blei planlagd i regi av Bergen kommune. Den framstår eit unikt eksempel på dåtidas planideal, der eit av dei sterkaste trekka var den særns gode landskapstilpasninga.

Utbygginga av Årstad dominerte bustadutbygginga i Bergen i fleire tiår, fram til 1945.


Kulturminner

Det er ingen SEFRAK-registrerte bygg i eller i umiddelbar nærleik av planområdet. Nordaust for planområdet ligg Fridalen kirke, som er kommunalt listeført som verneverdig bygg.


Planområdet er del av eit større område med verneverdige kulturmiljø og enkeltbygg. Området fortel samla sett ei viktig historie om sosial bustadbygging i Bergen. Som eit sentralt eksempel kan ein trekke fram sjølvbyggarkolonien Nymark, ikkje langt frå planområdet. Den sosiale tanken bak var at alle skulle ha råd til å skaffe seg ein heim. Både busetnadsplanen og husa blei teikna av den kjente Bergensarkitekten Leif Grung i 1923. Løysinga Grung leverte var både særns moderne og framtidsretta for si tid. Kommunen skaffa tomter, stod for infrastruktur og sette opp husa i halvferdig stand. Så skulle sjølvbyggerane gjere resten av arbeidet. Bygnings- og kulturmiljø i og rundt planområdet blir skildra i detalj på sider 11–17. i denne rapporten.



Kartutsnitt frå 1907. Kartet viser landlege omgjevnadar, og framleis ingen utbygging frå Haukelandsvannet og sørover. Planområdet er omtrentleg markert. Kjelde: Bergenskart.no.



Kartutsnitt frå 1921. Kartet viser utbygginga før Årstadplanen frå 1922. Planområdet er omtrentleg markert med grøn sirkel. Samanlikna med kartet over ser ein at området no var meir utbygd. Både i nærleiken av planområdet for denne rapporten, men også vest for planområdet langs Inndalsveien som var blitt etablert, i Finnbergåsen. Ein ser også meir busetnad nordaust for planområdet, øvst i Slettebaksveien. Kjelde: Bergenskart.no.



Kartutsnitt fra 1957. Kartet viser ein enorm kontrast i utbyggingsgrad, samanlikna med det forrige kartet frå 1921. Kjelde: Bergenskart.no.



Sjølvbyggarkolonien på Nymark under oppføring. Rundt 180 hus blei teikna av arkitekt Leif Grung og oppført i perioden 1923–1928. Foto: Ubb billedsamlingen.




Nye arbeiderbustadar i Schweigårds vei i 1928. Foto: Ubb billedsamlingen.



Arbeiderbustadar med tilhøyrande hagar i Johan Sverdrups vei fotografert i 1920-åra. Foto: Ubb billedsamlingen.



Parti frå sjølvbyggerstrøk, Nymark 1923. Her ser ein framleis det landlege preget på Årstad, i møte med dei nye arbeiderbustadane. Foto: Ubb billedsamlingen.



Oversiktsbile Årstad 1955. Deler av planområdet er markert med grøn sirkel. Foto: Ubb billedsamlingen.



Oversiktsbilde Årstad tidleg i 1960-åra. Deler av planområdet er markert med grøn sirkel. Foto: Ubb billedsamlingen.




Oversiktsbilde Årstad tidleg i 1960-åra. Deler av planområdet er markert med grøn sirkel. Foto: Ubb billedsamlingen.



Utsnitt fra oversiktsbilde Årstad tidleg i 1960-åra. Det gule huset på bildet er Schweigårds vei 53. Huset like under er Bendixens vei 22. Foto: Ubb billedsamlingen.

Kart og bilder av dagens bygningsmiljø



1. Schweigårds vei 51, bu og servicesenter (eldrebustadar) bygd i 1976
2. Schweigårds vei 53, einebustad bygd i 1918
3. Schweigårds vei 55, einebustad bygd i 1967
4. Bendixens vei 22, horisontaldelt tomannsbustad bygd i 1957
5. Bendixens vei 24–26, vertikaldelt tomannsbustad bygd i 1955
6. Bendixens vei 28–30, vertikaldelt tomannsbustad bygd i 1948
7. Bendixens vei 32–34, bustadbygg med fleire bueiningar, bygd i 1949
8. Bendixens vei 36–38, bustadbygg med fleire bueiningar, bygd i 1950
9. Astrups vei 45–55, rekke med vertikaldelte tomannsbustadar bygd i 1939
10. Schwigårdsvei 57–59, tomannsbustad bygd i 1957
11. Gjøas vei 44–50, Henrik Mohns vei 1–9, Astrups vei 46, bustadhus med fleire bueiningar bygd i 1950
12. Gjøas vei 41–57, bustadbygg med fleire bueiningar, byggeår 1937
13. Astrups vei 28–44, bustadbygg med fleire bueiningar, byggeår 1939
14. Pavels vei 14–20, bustadbygg med fleire bueiningar, byggeår 1947
15. Pavels vei 9–25, bustadbygg med fleire bueiningar, bygd i perioden 1934–1946
16. Gjøas vei 13–21, bustadbygg med fleire bueiningar, bygd i 1933
17. Ernst Sars vei 2–18, bustadbygg med fleire bueiningar, bygd i 1932
18. Gjøas vei 5–9/Boalths vei 8–12/Astrups vei 16–20/Ernst Sars vei 1–5 – kvartal med samanhengande bustadbygg med fleire bueiningar, bygd i 1948
19. Astrups vei 15 a og b, vertikaldelt tomannsbustad, ukjent byggeår
20. Roald Amundsens vei 100, Fridalen kirke bygd 1937
21. Garasjer/uthus
22. Astrups vei 31–35, bustadbygg med fleire bueiningar, bygd i 1952
23. Astrups vei 27–29, bustadbygg med fleire bueiningar, bygd i 1937
24. Roald Amundsens vei 103, einebustad bygd i 1985
25. Roald Amundsens vei 101, horisontaldelt tomannsbustad bygd i 1934
26. Roald Amundsens vei 99, einebustad ukjent byggeår. (truleg bygd i perioden ca. 1960–1980)
27. Roald Amundsens vei 97, einebustad bygd i 1934
28. Roald Amundsens vei 95, bustadbygg med fleire bueiningar, bygd i 1965
29. Schweigårds vei 26 a, b, c, rekkehus bygd i 1935
30. Schweigårds vei 28 a, b, c, rekkehus bygd i 1936
31. Schwigårds vei 30, vertikaldelt tomannsbustad frå 1932
32. Schweigårds vei 32, einebustad bygd i 1910
33. Schweigårds vei 34–36, rekkehus bygd i 1975
34. Schweigårds vei 38, einebustad frå 1915
35. Schweigårds vei 43–45, horisontaldelt tomannsbustad, bygd i 1933
36. Schwigårds vei 39–41, horisontaldelt tomannsbustad, bygd i 1933
37. Schweigårds vei 35–37, horisontaldelt tomannsbustad, bygd i 1936
38. Schweigårds vei 27–33, bustadbygg med fleire bueiningar, bygd i 1952
39. Fridalsveien 22, studentbustadar, ukjent byggeår
40. Bendixens vei 4–8, bustadbygg med fleire bueiningar, bygd i 1952
41. Bendixens vei 10–12, bustadbygg med fleire bueiningar, bygd i 1947
42. Bendixens vei 14–16, bustadbygg med fleire bueiningar, bygd i 1947
43. Bendixens vei 7–9, bustadbygg med fleire bueiningar, bygd i 1954
44. Bendixens vei 1–5, bustadbygg med fleire bueiningar, bygd i 1954
45. Fridalsveien 42–44, bustadbygg med fleire bueingnar, bygd i 1957
46. Inndalsveien 102, butikk/forretningsbygg, bygd i 1939
47. Inndalsveien 104–114, bustadbygg med fleire bueiningar, bygd i 1938–39
48. Inndalsveien 116, horisontaldelt tomannsbustad, bygd i 1922
49. Nicolaysens vei 6, bustadbygg med fleire bueingar, bygd i 1951
50. Inndalsveien 118–124, bustadbygg med fleire bueiningar, bygd i 1939
51. Nicolaysens vei 3, a, b, c, bustadbygg med fleire bueiningar, bygd i 1962
52. Nicolaysens vei 5 a, b, c, bustadbygg med fleire bueiningar, bygd i 1962
53. Bendixens vei 15, bustadbygg med fleire bueiningar, bygd i 1956
54. Storetveitvegen 2, horisontaldelt tomannsbustad bygd i 1914
55. Bendixens vei 57, bustadbygg med fleire bueiningar, bygd i 1917
56. Bendixens vei 55, einebustad bygd i 1920
57. Bendixens vei 53, einebustad bygd i 1917
58. Bendixens vei 19, bustadbygg med fleire bueingar, bygd i 1953
59. Bendixens vei 21, barnehage bygd i 2015



Oversiktsbilde planområdet, sett frå nord. Her ser ein langs Schweigårds vei. I midten av bildet kan ein skimte det gule huset frå 1918 med adresse Schweigårds vei 53. Til høgre i bildet ser ein bu- og servicesenteret frå 1976 med adresse Schweigårds vei 51. Foto: Google maps.



Oversiktsbilde, Schweigårds vei like nord for planområdet. Foto: Google maps.



Oversiktsbilde. I midten av bildet skimtar ein så vidt einebustaden frå 1967 bak buskene, med adresse Schweigårds vei 55. Like til høgre ser ein einebustaden frå 1918 med adresse Schweigårds vei 53. Bildet er tatt frå sør.



Oversiktsbilde. Like søraust for planområdet i krysset ved Astrups vei.



Oversiktsbilde. Planområdet, markert med grønn sirkel, i eit større perspektiv. Bildet er tatt frå sør.



Oversiktsbilde. Til venstre i bildet skimtar me einebustaden i Schweigårds vei 53 frå 1918, og til høgre bu- og servicesenteret frå 1976.



Oversiktsbilde. Planområdet, markert med grønn sirkel, i eit større perspektiv. Bildet er tatt frå sørvest.



Oversiktsbilde. Planområdet sett frå Bendixens vei.

Skildring av dagens byggningsmiljø

Planområdet er del av hensynssone kulturmiljø Minde-Nymark. Planområdet ligg midt i eit unikt kultur- og bygningssmiljø som både fortel historia om den sosiale bustadbygginga i Bergen i mellom- og etterkrigstida, og om dåtidas plan- og bustadsideal. Betydningen av området og kvaliteten på bustadane er også understreka av Byantikvaren i ein uttalelse datert 6. januar 2020 – i samband med reguleringsarbeidet for planområdet.

Som vist på kartet på side 11 over dagens bygningssmiljø, med tilhøyrande informasjon på side 12, ser ein tydeleg at kultur- og bygningssmiljøet utgjør ein heilskap. Med sær få unntak er alle bustadane i og rundt planområdet frå mellom- og etterkrigstidida. Her er rekkehus, tomannsbustadar, og større arbeiderbustadar med fleire bueinigar, i tillegg til enkelte einebustadar. Det er også viktig her å understreke at for- og bakhagane til dei ulike bustadkompleksa er sentrale delar av den kulturhistoriske heilskapen.

Tomtene til dei fleste av einebustadane både i og nær planområde tilhøyrde opphaveleg garden Gimle. Som skildra i nærare detalj på side 4 i denne rapporten, blei denne garden tidleg utparsellert og seld som tomter til bustadhus til privatpersonar. Rekkehusa, tomannsbustadane og dei større arbeiderbustadane med fleire bueinigar var del av den kommunale bustadbygginga – der kommunen anten stod som byggherre eller tilrettela for sjølvbyggar-bustadar.

I det større kulturmiljøet Minde-Nymark er det fleire bygningssmiljø som er særskilt betydning. Framsvei 1–15 (nord aust for planområdet), Fridalsveien 1–23 og Fridalsplassen (nord/nord aust for planom-

rådet), Gjøas vei (aust for planområdet), Johan Sverdrups vei 1–17 m.m. (nord for planområdet), Nansens vei 20–38 m.m. (nord for planområdet), St. Olavs vei 61–171 m.m. I Byantikvaren sin rapport «Verneverdige bygningar og bygningssmiljøer i bydelen Landås» frå 1993 er alle desse oppført som verneverdige områder. I tillegg har Byantikvaren i sin uttalelse datert 6. januar 2020 trekt fram miljøa i Falsens vei, Innalsveien og Finnbergåsen (vest for planområdet) som viktige.

Sjølve planområdet for denne rapporten er av dei mindre heilskapelege delane av det større kultur- og bygningssmiljøet i området. Her finn ein bustadar av blanda karakter og frå ulike tidsepokar. På adressa Schweigårds vei 51 (gnr. 160 / bnr. 396) står eit bu- og servicesenter frå 1976, teikna av arkitekt Per Janson for arkitektkontoret Torgeir Alvsaker og E. Vaardal-Lunde. Dette bu- og servicesenteret bryt med reguleringsidealet til den gamle Årstadplanen frå 1922. Bu- og servicesenteret blei i 1976 plassert midt i det som var tenkt som eit reint bustadområde. Slik sett har det vore eit framandelement i området. På adressa Schweigårds vei 53 (gnr. 160 / bnr. 397) står det ein liten einebustad frå 1918. Med bratt saltak og smårutete vindauger, hadde bustaden opphaveleg klare referansar til eldre bergensk byggeskikk. På adressa Schweigårds vei 55 (gnr. 160 / bnr. 398) står det eit typisk Rødlandshus oppført i 1967. På adressa Bendixensvei står eit større bustadhus i mur frå 1957, teikna av arkitekt E. Ross i etterkrigsmodernistisk stil.

Bustadane i planområdet

1. Schweigårds vei 51, (gnr. 160 / bnr. 396)


Schweigårds vei 51 blei skilt ut som eiga tomt i 1885, frå det som opphavelig hadde vore delar av bruk 6 (utmark) og bruk 7 på Gimle gard. Ut i frå kjeldematerialet ser det ikkje ut til at her tidlegare har stått hus på tomta, før det i 1976 blei bygd eit bu- og servicesenter (eldrebustadar) for Fridalen menighet. Bygget er teikna av arkitekt Per Janson for arkitektkontoret Torgeir Alvsaaker og E. Vaardal-Lunde.

Bygget er tydeleg prega av at det var byggemåten/konstruksjonsteknikken som var førande for den arkitektoniske stilretninga – med internasjonal modernisme som utgangspunkt. Bygget består av geometriske former – hovudsakleg rektangulære volum sett saman på ulike måtar. Ein ser også bruken av kvadarat og trekantar i den visuelle utforminga. Dekoren i bygget ligg i kombi-


nasjonen av aktiv bruk av ulike bygningsmaterial (betong, plater, tre) og formvariasjon, i tillegg til variasjonen i fargeval.

På frontfasaden mot vest ser ein at hovudrektangelet i bygningskroppen er brutt opp av vertikale søyler – slik at ein får tre repetetive kvadrat bortover. Dette er eit typisk eksempel på bygningselement som er gjort synlege og som er gitt ein visuell arkitektonisk funksjon. Hovudfasaden er igjen brutt opp av repetetive vindaugsrekker og markante balkongar symmetrisk plassert innafor kvart sitt kvadrat. Balkongane er delvis inntrekk både på fasaden mot vest og mot aust. Særskilt på fasaden mot sør ser ein den kreative bruken av geometriske former.


Det kan sjå ut til at vindauger i bygget er blitt skifta ut i nyare tid, men det kjem i såfall ikkje fram i kjeldematerialet i Byggesaksarkivet når dette er blitt gjort. Delar av utvendig fasade på underetasjen blei endra i 2018, men bygningen framstår framleis i stor grad i sitt opphavelige uttrykk.




På hovudfasaden mot vest ser ein tydeleg bruken av geometriske former og bygningselement som utgangspunkt for det arkitektoniske uttrykket. Kjelde: Byggesaksarkivet.



Særskilt på fasaden mot sør ser ein den kreative bruken av geometriske former. Kjelde: Byggesaksarkivet.



Fasade mot aust. Kjelde: Byggesaksarkivet.



Fasade mot nord. Kjelde: Byggesaksarkivet.



Dagens situasjon, fasade mot vest og sør. Her ser ein fasadeendringa i underetasjen frå 2018.



Dagens situasjon, fasade mot vest og sør. Her ser ein fasadeendringa i underetasjen frå 2018.



Dagens situasjon, fasade mot nord og vest. På nordvendt fasade er det sett i nokre nye vindauger. Ein ser også fasadeendringane i underetasjen på vestvendt frå 2018.




Dagens situasjon, fasade mot aust.

2. Schweigårds vei 53, (gnr. 160 / bnr. 397)


Schweigårds vei 53 blei skilt ut frå nabo-tomta Schweigårds vei 51 (gnr. 160 / bnr. 396) i 1918, og same år blei det oppført ein liten einebustad her for eigar Sjur Monsen. På den originale arkitektteikninga står det at det var ein arbeidarbustad som blei oppført (Sjur Monsen arbeidde hos Byggmester Øvretvedt). Arkitekten er ukjent.

I branntakstprotokollen er huset skildra som eit 1 etasjers hus med loft og kjellar oppført i tømmer. Huset fekk særst bratt saltak tekt med teglstein, og smårutete vindauger. Huset var 7 meter langt, 6,5 meter breitt og 3,5 meter høgt «hvori 2 ovnsværelser 1 kjøkken med komfur 1 spiskammer 1 gang med trapp til loftet, der inneholder. 2 ovnsværelser 1 kjøkken, 4 kamre, trappeleider til aapent loft. Elektrisk lys er indlagt».

Når det gjeld stilretning blei huset bygd i ein periode med sterk søken etter ein nasjonal byggestil. Perioden hadde fleire stilretningar som dominerte side om side, men felles var at ein direkte kopierte tidlegare tiders stil eller lot seg inspirere sterkt. Bustaden i Schwigårds vei 53 har både med bygningskropp, det bratte saltaket og dei smårutete vindauga klare referansar til eldre bergensk byggeskikk.



Arkitektteikning datert 1917, fasade mot aust.
Kjelde: Byggesaksarkivet.




Arkitektteikning datert 1917, fasade mot vest.
Kjelde: Byggesaksarkivet.



Arkitektteikning datert 1917, fasade mot sør.
Kjelde: Byggesaksarkivet.



Arkitektteikning datert 1917, fasade mot nord.
Kjelde: Byggesaksarkivet.



Kart over eigdommen med den planlagde bustaden, datert 1917. Kjelde: Byggesaksarkivet.



Dagens situasjon, fasadar mot vest og sør. Her ser ein at alle originale vindauger er skifta ut.

Sjølve bygningskroppen framstår i dag som original. På fasaden mot aust er den opphavelige trappa fjerna, og ein har fått eit lite overbygg over inngangsdøra. Utanom dette har ikkje huset fått nye tilbygg sidan det blei bygd i 1917. Den største endringa på huset er at alle originale vindauger er blitt skifta ut. Det finst ikkje opplysningar i byggesaksarkivet når dette er blitt gjort. Ei anna stor endring er at Schweigårds vei er blitt heva etter at huset blei bygd. Huset låg opphavelig lang meir opent til, men er i dag «inneklemmt» opp mot veggen. Garasjen opp mot Schweigårds vei blei bygd i 1959.



Dagens situasjon, fasadar mot sør og aust.



Dagens situasjon, fasadar mot nord.



Dagens situasjon, detalj på fasade mot aust. Overbygget over inngangsdøra var ikkje del av det opphavelige huset, men blei truleg bygd på kort tid etter. Det er av dei eldste detaljane på huset, slik det framstår i dag. (På arkitektheikningane på førre side, kan ein sjå at det er teikna inn med svart penn i etterkant.)

3. Schweigårds vei 55, (gnr. 160 / bnr. 398)

Schweigårds vei 55 blei skilt ut frå nabo-
tomta Schweigårds vei 51 (gnr. 160 / bnr.
396) i 1952. På adressa står det i dag ein
einebustad frå 1967. Bustadhuset er eit ty-
pehus frå ferdighusprodusenten Rødland.
Dei såkalla Rødlandshusa var blant dei før-
ste norske typehusa, utvikla av byggmester
Arthur Rødland i Bergen og blei basert på
Husbanken sine prinsipp om arealutnyt-
ting. Det skulle vera enkle hus og rasjonell
bygging. I 1950- og 1960-åra blei det stadig
meir populært med slike hus.

Schweigårds vei 55 er eit typisk Rødland-
hus. Det har ein nøktern, lang og smal
byggningskropp med saltak med relativ slakk
takvinkel. Det er oppført i ein etasje i lett
bindingsverk og med sokkeletasje i mur og
kryploft. Sokkeletasjen blei delvis liggande
under terrenget, det ser ein var typisk for
mange av desse husa. Utvendig blei huset
kledt med malt panel med enkel detaljering
med kombinasjon av ståande og liggande
panel.

Ut i frå Byggesaksarkiver ser det ikkje ut til
at det er gjort endringar med huset sidan
det blei bygd. Samanliknar ein dei oppha-
velege arkitektteikningane og bilder av hu-
set slik det er i dag (på neste side), så fram-
står huset utvendig som originalt.



Original arkitektteikning. Fasade mot nordaust.



Original arkitektteikning. Fasade mot sørvest.



Original arkitektteikning. Fasade mot nordvest.



Original arkitektteikning. Fasade mot søraust.



Dagens situasjon. Fasade mot nordaust.



Dagens situasjon. Fasade mot nordaust. Detaljbilde.



Dagens situasjon. Fasade mot nordvest.



Dagens situasjon. Fasade mot søraust.



Dagens situasjon. Fasade mot sørvest.



Dagens situasjon. Fasade mot sørvest.

4. Bendixens vei 22, (gnr. 160 / bnr. 410)

Bendixens vei 22 blei skilt ut frå nabotomta Schweigårds vei 51 (gnr. 160 / bnr. 396) i 1952. På adressa blei det i 1957 sett opp eit toetasjers bustadhus med hyblar i kjellar. Huset blei teikna av arkitekt E. Ross.

Huset blei sett opp i engelsk holmur på betongfundament. Det har ei nøktern framtoning i etterkrigsmodernistisk stil, med rektangulær bygningskropp og saltak. Dels som ein reaksjon mot funksjonalismen sine flate tak i 1920- og 1930-åra, byrja arkitektane i etterkrigstida igjen å bruke saltak i større grad. Bruken av saltak skulle gjenskape ein klar tilknytning til eldre norsk byggetradisjon, og blei no brukt både til einebustadar og blokker.

Typisk for stilretninga var også bruken av ulike vindaugsformat. Huset fekk store opne vindaugsflater utan sprossar, i ulike storleikar og både i liggande og ståande retning. Over altanane i første og andre høgd på den vestvendte fasaden fekk huset store trefags-vindauger. Og på fasaden mot nord vindauger med blyglasinnfatning med diamantmønster. Eit slikt vindauge med blyglas var også å finne i inngangsdøra på fasaden mot vest. Vindauga med blyglas var einaste dekorelement på huset. Alle desse er i dag skifta ut, uvisst når. Altanane på den vestvendte fasaden hadde tette frontar og sider – referanse til blokkpreg og understrekar bruken av mur. Fasaden mot aust fekk eit enkelt overbygg over ei inngangsdør.


I 1965 blei det oppført garasjar på tomta.

Utanom nokre mindre endringar, var bustaden sin fasade uendra fram til 2010. Etter dette blei det gjennomført fleire endringar. Særskilt gjorde tilførsel av to store takutstikk med vindauger på fasadar mot vest og aust til at den opphavelige bygningskropp-


pen endra karakter. Taket hadde opphavelig raud takstein, som i dag er blitt skifta til svart. Over utgangsdør til første høgda på fasaden mot sør blei det også sett opp eit lite tilbygg. Tilbygget er særst lite i forhold til den opphavelige bustaden, og den er også oppført i treverk og ikkje i mur. Også dette vesle tilbygget er til ein viss grad med på å forringe bustaden sitt opphavelige stiluttrykk.



Original arkitektteikning, fasade mot vest. Her ser ein kombinasjonen av vindaugsflater utan sprossar og store trefags-vindauger over dei tette altanane i mur. På inngangsdøra i første høgd ser ein at det er teikna inn eit blyglasvindauge, som einaste dekorelement på heile fasaden. Kjelde: Byggesaksarkivet.



Original arkitektteikning, fasade mot aust. Også her ser ein kombinasjonen av vindaugsflater utan sprossar i ulike storleikar. Her ser ein også overbygget over inngangsdøra. Kjelde: Byggesaksarkivet.



Original arkitektteikning, fasade mot nord. Her ser ein tydeleg vindaug med blyglasinnfatning. Desse er erstatta med nyare vindauger i dag. Kjelde: Byggesaksarkivet.



Original arkitektteikning, fasade mot sør. Kjelde: Byggesaksarkivet.



Dagens situasjon, fasadar mot aust og nord. Også her ser ein det nye utsticket på austvendt fasade.



Dagens situasjon, fasadar mot vest og sør. Her ser ein det nye, store takutsticket på den vestvendte fasaden. Ein ser også det vesle tilbygget mot sør. Begge desse representerer eit betydeleg brot med det opphavslege stiluttrykket.

Nybygg – konsekvensar for eksisterande kulturmiljø

Som nevnt i innleiinga planlegg utbyggar at dei tre bustadane i planområdet skal rivast. Bu- og servicesenteret med bnr. 396 skal stå. Ettersom planområdet er del av hensynssone Minde-Nymark, medfølger dette krav om at konsekvensar for det eksisterande kulturmiljøet må synleggjerast. Det kjem også med krav til strøkstilpasning jf. Byantikvaren sin uttalelse i brev datert 6. januar 2020.

Kulturmiljøet planområdet er ein del av, utgjør i det større perspektivet ein viktig heilskap med store verneverdiar. Ser ein på sjølv planområdet for denne rapporten, er det imidlertid usikkert kor store konsekvensar riving av desse bustadane vil ha for å bevare heilskapen til det omkringliggende bygnings- og kulturmiljøet. I planområdet er det heller dei enkelte bustadane kvar for seg, som har kvalitetar som representerer ulike stilartar og periodar dei blei bygd i. Her kan ein særskilt trekke fram murhuset i etterkrigsmodernistisk stil, som er den bygningen i planområdet som kan relaterast mest til strøkskarakteren i området rundt.

Det større området sett i eitt, er det bustadstrøk med langt større verneverdiar enn i sjølv planområdet – fleire er nemnt på side 17 i denne rapporten.


Det vil imidlertid vera avgjerande for området kva dei nye bygga har å tilføre. For å tilpasse seg strøkskarakter og eksisterande kulturmiljø har utbyggar og arkitekt tatt fleire grep. Når det gjeld terrengtilpasning / volum / byggehøgder har ein i prosjektet lagt seg på volum på nybygga som arkitekt meiner harmonerer godt me eksisterande busetnad. Arkitekt for prosjektet påpeiker at omkringliggende område prega av lågblokker og rekkehus utgjør relativt store volum, og at nybygga vil harmonere godt med dette. Høgden på bygga er berekna etter det arkitekt ser som ei naturleg landskapsrørslé. Dei to øvste bygga blir plassert djupt i terrenget, med kjellaretasje. I Astrups vei og Schweigårds vei som ligg på oversida av nybygga (austsida), er den gjennomgåande etasjehøgda på eksisterende bygg mellom 2 og 3 etasjar. På viste snitt/skisse på neste side, ligg etasjehøgda for nybygga på 2 og 2,5 etasjar over Schweigårds vei. Det nedste nybygget er utforma med flatt tak, og har ei felles takterrasse. Høgda og takform på dette bygget relaterer seg både i høgda og form til bu- og servicesenteret i Bendixens vei 51.



Illustrasjon frå arkitekt i prosjektet. Nytt prosjekt sett saman med eksisterande busetnad.



Illustrasjon frå arkitekt i prosjektet. Her ser ein korleis nybygga (midt i bildet) vil sjå ut, saman med omkringliggande busetnad.



Illustrasjon frå arkitekt i prosjektet. Skisse landskapsbevegelse.



Illustrasjon frå arkitekt i prosjektet. Snitt/skisse langs Schweigårds vei.

Når det gjeld arkitektur / bygningstypologi er bruken av tette, modernistiske hjørnebalgongar eit element som går igjen i området. Det same er materialbruk som pussa mur. Detaljar rundt vindauger og ornamentering varierer litt, men hovudinntrykket er stort sett likt. Mange av bygga har valma tak, men her er også saltak - til dømes dei tre bustadhusa i planområdet. Bu- og servicesenteret som ligg i planområdet, og som kjem til å bli næraste nabo med nybygga, har flatt tak.

Arkitekten for prosjektet har særskilt latt seg inspirere av eksisterande bygg i Bendixen vei 28–48 (sjå bilde neste side). I tillegg til tette hjørnebalkongar, har desse bygga raude vindaugskarmar/rammer med artikulert raud teglstein på vindauga sine sider. Takutstikka si (takfot/raft) underside er også raudmalt. Som ein referanse til bygga i Bendixens vei, har ein valt å benytte nokre «raude» detaljar på nybygga. Desse kjem mellom anna til uttrykk i vindussmyg på nybygga. I dei tenkte nybygga har arkitekten tatt opp bruken av tette hjørnebalkongar, men har senka høgda på desse for å betre utsynet frå stove/kjøkken. For å ivareta sikkerheit på balkongane skal det imidlertid nyttast glas-rekkverk øvst på balkongane. Arkitekten har også tatt opp nokre av dei typiske kvadratiske vindaugs-proposisjonane i eksisterande bygg i området. Desse skal i nybygga nyttast i stove/kjøkken. I soverom er det planlagt smalere vindauger for å optimalisere innvendig veggplass på soverom. Desse er tenkt å skulle bidra til å tillegge bygga eit tidstypisk uttrykk.

Det er tenkt at nybygga skal oppførast med fasadar i kvit STO/Weber-puss eller ståande kvitmalt trekledning med variabel breidd. Å nytte seg av puss som overflatemateriale kan settast i direkte samheng med strøkets typiske materialbruk. Arkitekten ønsker imidlertid å vurdre bruk av trekledning, og argumenterer for dette med at med våtare klima og aukande fuktigheitspress, så

kan puss fort bli mottakeleg for algevekst på nord- og austfasadar. Sett i eit samanliknande klimarekneskap, ifølge arkitekt, blir også ein trekledning eit betre alternativ enn puss.

Det er valt å bruke saltak på dei to øvste nybygga mot Schweigårds vei. Sjølv om det er valma tak som har dominert i området, finn ein som sagt eksempel på bruk av saltak. Arkitekten presiserer at eksisterande bygg av nyare dato umiddelbart sør for nybygga, er utformet med saltak. For arkitekten er bruken av saltak også ein måte å binde saman ny og eldre arkitektur på. Eit saltak utan utstikk, vil også plassere nybygga i ein tidsriktig samheng, ifølge arkitekt. Det nedste nybygget har flatt tak. Ein finn ein referansa til det flate taket i bu- og servicesenteret like ved, men det er elles ikkje ei mykje nytta takform i området. Eit elles samhengane trekk for området er elles dei raude teglsteinstaka, med innslag av grå skifertak innimellom. Når det gjeld dette elementet, kan det evt. takast ei bevisst vurdering på kva materiale som som best harmonerer med eksisterande strøkskarakter.

Miljø og bærekraft

Det vil bli laga ein avfallsplan før riving av husa i planområdet. Utbyggar skal lage avtale med Norges Miljøvernforbund om overtaking av materiell som kan brukast opp att etter riving. Viser utover dette til planskildringa for planområdet når det gjeld ytterlegare informasjon om evt. miljø/klimatiltak.



Arkitekten sin inspirasjon for nybygga.



Bilde 5



Bilde 6



Bilde 7

Schweigårds v. 53-56 Bendixens v. 22		HOLON	
Prosjekt	150822	Dato	15.08.22
Arkitekt	44	Utskrift	1/1
Schweigårds v. 53-56 Bendixens v. 22		HOLON	
Perspektiver 5-7		HOLON	
Schweigårds v. 53-56 Bendixens v. 22		HOLON	

Skisse av dei tre nybygga.



Detaljar nybygg.

Litteratur og kjelder

Gunnarsjaa, Arne. 1999. Arkitekturleksikon. Abstrakt forlag, Oslo.

«Verneverdige bygninger og bygningsmiljøer i bydelen Landås. Registreringsrapport». Byantikvaren i Bergen 1993.

«Landås bydel. Arkitektonisk stedsanalyse». Kommunalavdeling byutvikling, Bergen kommune, 1994.

Thowsen, Stein og Harald Garmannslund (2000). Årstad - historisk vandring i en ny bydel. Forlaget Livskunst AS.

Roald, Hans-Jacob. Byplanen. En historie om utviklingen av Bergen by. Scandinavian Academic Press, 2010.

Seeiendom.no

Bergenbyleksikon.no

Byggesaksarkivet, Bergen kommune

Universitetsbibliotekets billedsamling i Bergen – marcus.uib.no

Norgebilder.no

Bergenskart.no